

Kystverket har gjeve Therese T. Haugland løyve til bygging av kai og eventuelt båtopptrekk i Kleivadalen.

Kaia vil gå 14 meter ut frå land og blir tre meter brei. Ytterst vil den ha ein front på seks ganger tre meter.

Kystverket skriv at eksisterande installasjonar går omtrent like langt ut i sjøen som den planlagde kaia og anser ikkje at denne blir til ytterlegare hinder for den allmenne ferdsel i området.

Ved denne avgjerda er det berre teke omsyn til reglane i hamne- og farvannslova og ikkje anna regel- og lovverk. Til dømes må tiltakshavaren sjølv avklara saka med kommunen i høve til plan- og bygningslova og med fylkeskommunen i høve til kulturminnelova.